



NYTT  
FRÅ  
**INSTITUTT  
FOR  
INFORMATIKK**



9. FEBRUAR 2007

### **Innhold**

Boris Lenhard får BF-tildeling  
Instituttseminar 15 februar  
Styring av forskarutdanninga  
Nye verneombod  
Publisering 2006, oppdatering  
Viktige informasjonsmøte og utlysingar

### **Boris Lenhard får BF-tildeling.**



Boris Lenhard som er gruppeleiar ved CBU er ein av fire som vart tildelt midlar frå Bergen forskningsstiftelse. I eit spleiselag mellom forskningsstiftelsen (50%), fakultetet (25%) og Molekylærbiologisk institutt (25%) får han 4 millionar kroner i år i fire år for å byggja vidare ut gruppa si innan bioinformatikk. Lenhard brukar avansert informatikk i studiet av regulering av genuttrykk.

### **Instituttseminar 15 februar**

På instituttseminaret 15 februar har vi vore så heldige å få Boris Lenhard (sjå ovanfor) til å fortelja litt om kva han arbeider med. Seminaret er som vanleg kl. 1415 i stort auditorium (2144).

Emne: Gene regulation and animal development:  
a bioinformatics approach



## Styring av forskarutdanninga

For å effektivisera styringa av forskarutdanninga har vi slått saman forskarutdanningsutvalet og styret for forskarskolen i IKT. Medlemer er



Øyvind Ytrehus,  
leiar



Trond Steihaug



Rodica Mihai



Ida Holen,  
sekretær



Torleiv Kløve

Trond vil vera instituttet sin representant i fakultetet sitt forskarutdanningsutval.

## Nye verneombod



Lillian Myhr, verneombod



Jan Arne Telle, varamann.

## Dublisering 2006, oppdatering

Lista som vart publisert førre veke var førebels. Det var eit par feil i poengutrekningane – det gjekk litt kjapt for få lista med i II-NYTT (t.d. var ein av Tor publikasjonar med 0,75 poeng i farten kreditert Pinar), eit par publikasjonar var feilregistrert og nokre publikasjonar var ikkje registrert innan internfristen 1. februar. Er det enno publikasjonar som ikkje er registrert må det skje straks.

Oppdatert liste (vonleg komplett og korrekt) kjem i neste II-NYTT etter at endeleg frist for registrering har gått ut.

## **Viktige møte og utlysingar**

15. februar: Møte om EUs forskingsprogram `Security`

For meir informasjon, sjå instituttet si intranettside

<https://intranett.uib.no/uPortal/render.userLayoutRootNode.uP>

12. mars: Universitetsbiblioteket og Institutt for utdanning og helse arrangerer eit heildagsseminar om studentar og plagiering.

Målgruppa er tilsette som underviser ved UiB.

Invitasjon og program: <http://www.ub.uib.no/fag/plagiatseminar.htm>

(Om du er interessert i å delta ta kontakt med meg (Torleiv).

Instituttet kan betala deltakaravgifta).

NordForsk deler ut mer enn 100 millioner NOK i nordiske forskningsstipender over de neste tre årene. Alle akademiske felt kan søke om støtte til ulike nettverk, forskerkurs, kursstipend, veilederkurs og såkornmidler. Les mer på [www.nordforsk.org](http://www.nordforsk.org)

### **2007 CALL FOR APPLICATIONS**

COIMBRA GROUP SCHOLARSHIPS PROGRAMME FOR YOUNG PROFESSORS AND RESEARCHERS FROM LATIN AMERICAN UNIVERSITIES

[http://www.coimbra-group.be/08\\_projectsCOI3\\_scholarships.php](http://www.coimbra-group.be/08_projectsCOI3_scholarships.php)